



Harsvik-konkursen vil truleg ikkje få konsekvensar for eigedomen han har kjøpt i Uskedalen og som ligg på nedsida av riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Morten Harsviks selskap Eigedomsutvikling AS er konkurs, melder Kvinnheringen. Det har truleg ingen konsekvensar for den eigedomen han nyleg har kjøpt i Uskedalen.

Harsvik har kjøpt det tidlegare hagesenteret og området på oppsida av det av Oddvar Myklebust og har planar om å setja opp nye bustader. På hagesenteret er det seks utleigehusvære som Harsvik vil leiga ut vidare. Harsvik har mange eigedommar og prosjekt både i og utanfor Kvinnherad. Harsvik melde oppbod for Eigedomsutvikling etter at dette selskapet har vore i ein vanskeleg økonomisk situasjon i lengre tid.

Styret har ikkje lukkast med å finna ei løysing på problema.

Men Harsvik seier at dette er eit selskap som har lege brakk i nokre år og at konkursen difor ikkje får konsekvensar for noko av den andre verksemda han driv.

Av Ola Matti Mathisen